

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 16/6690

Dykkar 15/3983 - 17/15118

referanse:

Dato: 14.07.2017

Lindås kommune Hordaland - offentlig ettersyn - Kommuneplanen sin samfunnsdel - uttale

Vi viser til brev av 02.06.2017 frå Lindås kommune som gjeld høyring av framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Fiskeridirektoratet region vest ser positivt på at Lindås kommune gjennom samfunnsplanen har satt som mål å leggje til rette for vidare utvikling av havbruksverksemd i kommunen.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel, der samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen. Samfunnsdelen gjev grunnlag for arealdelen med konkretisering av arealbruka på kart med tilhøyrande føresegner. I siste planstrategi som vart utarbeida i 2016, peiker kommunen på tema som skal prioriterast ved revisjon av arealplanen;

- *Område der ein har hatt særlege utfordringar i gjeldande plan (t.d. LNF)*
- *Område der ein vil leggja til rette for prioriteringar ein har gjort i samfunnsdelen (t.d. næring)*
- *Område der ytre føresetnader har endra seg (t.d. teknologisk utvikling på anlegg til akvakultur)*
- *Område til akvakultur. Endring i konstruksjon og storleik på anlegga gjer at det er trong for monaleg større areal til kvar lokalitet enn kva som ligg inne i gjeldande plan.*
- *Friluftsområder. Oppfølging av prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftsområder.*

I framlegg til samfunnsplan har ein satt opp konkrete mål for samfunnsutviklinga med strategiar for korleis ein vil oppnå desse. Bruk av kyst og sjø for næringsretta verksemd med

vekt på utvikling av havbruksnæringa er blant hovudtema. Det er formulert målsettingar om at Lindås kommune skal vere ein attraktiv kommune for industri, næring og innovasjon og at kommunen skal vere blant dei fremste på Vestlandet innanfor havbruk.

Som strategi for å oppnå målsettingane knytt til havbruk vil ein;

- *bruke sjøen og kystlina i større grad til næringsretta aktivitet, med vekt på berekraftig utvikling og miljø*
- *regulere og oppretthalde areal på land og i sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarlig*
- *Leggje til rette for å støtte teknologiutvikling innan havbruk, og framtidens behov til metodar, teknologi, kompetanse og leveranse*
- *Arbeide for å få eit teknologisenter for havbruk i kommunen i samarbeid med høgskule, universitet og industri*

Føringar i kommunen sin arealplan vil vere å avklare kvar det er naturleg å legge sjøretta næring og å sikre nødvendig areal til havbruksnæringa.

Fiskeridirektoratet region vest understrekar at tilrettelegging gjennom kommunal arealplanlegging legg mykje av grunnlaget for å oppretthalde vekst i havbruksnæringa. I vår høyringsuttale til kommunal planstrategi har vi peika på at talet på søknader om dispensasjon frå kommunale arealplanar har auka i dei siste åra. Havbruk er ei dynamisk næring og trong for arealbruk endrar seg over tid, t.d. ved utskifting av kompakte stålanlegg til større og meir arealkrevjande plastring anlegg. Fleire av akvakulturområda som er sett av i arealplanane er etter vår vurdering marginale og gjev lite rom for fleksibilitet m.o.t. utviding av anlegg og ta i bruk ny teknologi. Det er ein føresetnad at næringsaktørane får delta aktivt og kome med innspel i kommunale arealplanprosessar sidan dei sit med kompetanse og lokalkunnskap. Vi meiner såleis det er trong for å vurdere område for område i dialog med næringsaktørar som driv i områda. Fiskeridirektoratet legg særleg vekt på at planlegging av akvakultur må vurderast mot fiskeriinteresser og marine ressursområde som er registrert langs kystsonen. Det er ein målsetting at havbruksnæringa skal utvikle seg innanfor eit berekraftig perspektiv utan risiko for det marine miljø fiskeriinteresser. Vi rår i frå å innføre av krav til reguleringsplan for havbruk innanfor områda som er satt av særskilt for slik verksemd i kommunen sin arealplan. Eit slikt krav vil øydeleggje fleksibiliteten næringa har trong for innanfor desse områda.

Fiskeridirektoratet avventer vidare merknader inntil arbeid med arealplanen tek til.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Sjømat Norge

Postboks 5471

0305

OSLO

Majorstua